

Møteinnkalling

Utval:	Opplærings- og helseutvalet
Møtestad:	Øystese gymnas/Fylkesutvalsalen 3. etg., Øystese gymnas (dag 1), Fylkeshuset (dag 2)
Dato:	14. - 15.04.2015
Tid:	07:00

Det blir med dette kalla inn til møte i Opplærings- og helseutvalet

Dato: 14. - 15. april 2015

Program 14. april: Skulebesøk Øystese gymnas, Norheimsund vgs., Fusa vgs.
(sjå eige program - side 2)

Program 15. april:

Stad: Fylkesbygget, fylkesutvalsalen, 3. etg.

Kl. 10.00: Saksføreaving

Kl. 11.30: Felleslunsj i kantina

Kl. 12.00: Saksføreavinga held fram

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Opplærings- og helseutvalet. Kopi vert send varamedlemene til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer verta kalla inn særskilt.

Roald Stenseide

utvalsleiar

Program 14. april 2015 – Skulebesøk.

Kl. 07.00: Avreise frå Bergen bystasjon, perrong M

Kl. 08.30: Ankomst Øystese gymnas – rektor Ingebjørg Bakke

Kl. 10.30: Avreise Øystese gymnas

Kl. 10.45: Ankomst Norheimsund vgs – rektor Evy Kleivane

Kl. 11.30: Lunsj

Kl. 13.00: Avreise Norheimsund vgs

Kl. 13.45: Ankomst Fusa vgs – rektor Tor Johannes Hjertnes

Kl. 15.45: Avreise Fusa vgs

Om lag Kl. 17.30 : Ankomst Bergen bystasjon.

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 22/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 23/15	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 24/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 17/15	Svar på spørsmål vedk. Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar	2014/21703	
PS 25/15	Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag - 2015	2014/12978	
PS 26/15	Høring - Forslag til endringar i bestemningar om vurdering og innføring av fråværsgrenser	2015/3677	
PS 27/15	Disponering av samlefond opplæringssektoren	2015/3488	
PS 28/15	Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2015	2015/3489	
PS 29/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 2 - 2015	2014/598	
PS 30/15	Ymse		

PS 22/15 Godkjenning møteinnkalling

PS 23/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 24/15 Referatsaker (Meldingar)



Notat

Dato: 24.03.2015
Arkivsak: 2014/21703-2
Saksbehandlar: bernyl

Til:	Opplærings- og helseutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedkomande *Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar*

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 17. mars under «Open time», der Rasmus L. Rasmussen stilte spørsmål vedkomande status for *Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar*.

Fylkestinget vedtok 12.12.2007 Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar. Planen vart evaluert og resultatet av evalueringa lagt fram for Fylkestinget i møte 9.3.2010. Fylkesrådmannen la fram framlegg til rullering av handlingsplanen for Fylkestinget 09.12.14, sak PS82/2014.

Fylkesrådmannen la fram følgjande framlegg til vedtak:

«**Mål 1:** Alle nivå i skulesektoren i Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utvikle eit læringsmiljø som fremjar god helse og læring for lhbt-befolkninga.

Tiltak:

1. Skuleeigar skal arbeide aktivt for å sjå til at lhbt-perspektivet vert følgt opp i skulane sitt førebyggjande arbeid for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø i samsvar med krava i § 9a i opplæringslova.
2. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektiv vert trekt inn i planlegging og samarbeid knytt til russefeiringa.
3. Skulane bør ha eit særleg fokus på nulltoleranse mot mobbing av lhbt-elevar i det generelle arbeidet ved skulen.
4. Skulane skal samarbeide aktivt med skulehelsetenesta for å spreie kunnskap og sikre heilskapleg ivaretaking av lhbt-elevar.
5. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektivet vert ivareteke i arbeidet med *Handlingsplan for helsefremjande skule 2015-2018*.

Mål 2: Skuleeigar skal auke og spreie kunnskap innanfor skule og utdanning om omfang og samanhengar når det gjeld trakassering og mobbing knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

«Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Vedk. mål 2, punkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og

diskriminering. Det betyr at denne handlingsplanen for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar vert del av den nye generelle planen.»

Fylkesdirektør opplæring har ansvar for oppfølging av tiltaka under mål 1 i vedtaket. Den delen av vedtaket som omhandlar utarbeiding av ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering i HFK, er forankra hjå fylkesdirektør organisasjon, som har sett i gang arbeidet. Opplæringsavdelinga vil delta i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide den generelle planen mot mobbing og diskriminering. Siste del av vedtaket slår fast at *Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, og transpersonar* skal vere ein del av den nye generelle planen. Fylkesdirektør opplæring vil følgje opp tiltaka under mål 1, men vil vente med utsending av plandokument til ny generell plan mot mobbing og diskriminering i HFK ligg føre. Ein ny generell handlingsplan skal etter planen vere politisk ferdigstilt innan 01.01.16.



Arkivnr: 2014/12978-40

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	25/15	14.04.2015

Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag - 2015

Samandrag

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2015 sett til kr. 6 405 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført 1 million ubrukte midlar frå 2014. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2015 vert då på kr. 7 405 000,-.

Av ramma for 2015 er følgjande midlar utbetalt eller bundne:

Ramme 2015	7 405 000,-
- Utbetalt vår 2015	3 093 400,-
- Forventa utbetaling hausten 2015, 2 års-studentar	1 308 825,-
Sum – resterande beløp til nye studentar hausten 2015	3 002 775,-

Til saman har 8 tilbydarar søkt om tilskot for nye studentar med start hausten 2015. Av desse er det 2 tilbydarar som gjev stadbasert fagskuleutdanning, og 6 tilbydarar som gjev nettbasert utdanning. Totalt er det søkt om støtte til 347 studentar, og av desse er det søkt om tilskot til 243 ved stadbaserte tilbod og 104 ved nettbaserte tilbod. Innanfor ramma til Hordaland fylkeskommune er det ikkje mogleg å gje tilskot til alle studentane det er søkt støtte for.

Forslag til vedtak

1.	Stadbasert sats				Nettbasert sats				
	Tal på studentar det kan verte gjeve tilskot til ved den einskilde tilbydar								
Utdanning	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	eCademy	Folkeuniversitetet	
Psykisk helsearbeid	15	20			4				
Rehabilitering	15					2			
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	15			5	2				
Rus og avhengighetsproblematikk									
Spesialreinhald og sterilfosyning	25								
Kreftomsorg og lindrande pleie					5				
Livsstils- og kroniske sjukdommar									
Barsel- og barnepleie						2		3	
Demensomsorg og alderspsykiatri			3		5				
Utviklingshemming og aldring			3						
Migrasjonshelse					2				
Velferdsteknologi					2				
Helsekoordinator							8		
Helseadministrasjon sekretær							8		
Miljøarbeid/utviklingshemming		25							
Tverrfaglig miljøarbeid						2			
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				6					
Veiledning						2			
Sum studenter det vert gjeve støtte til	70	45	6	11	20	8	16	3	

- Den einskilde tilbydar har høve til å omprioritere tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt på, fram til 1. oktober, som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den einskilde tilbydar si tildelte ramme.
- Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela unytta midlar mellom tilbydarane og eventuelt nye tilbydarar innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Opplærings- og helseutvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.03.2015

Tilskotsordninga som er øymerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Fylkeskommunane fekk i samband med forvaltningsreforma i 2010 delegert ansvar for fordeling av tilskot retta mot studentar i eige fylke. Tilskotsordninga vart oppretta som eit tiltak under Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, der fagskuleordninga vert framheva som viktig for å auke kompetansen i helse- og omsorgssektoren, i tillegg til å redusere avgang frå sektoren og bidra til rekruttering til helse- og sosialfag i vidaregåande skule.

Mål for ordninga

- Heve kompetansen på sentrale fagområde i den kommunale omsorgssektoren
- Tilby personell ein karriereveg
- Realisere nasjonale måltal for utdanningsaktiviteten
- Sikre utdanningstilbod over heile landet gjennom å ivareta både regionale, interregionale og nasjonale fagskuletilbod

Målgruppe

Helse- og sosialpersonell med utdanning på vidaregåande skulenivå.

Tilskotsordninga bidrar til å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, jf. St.meld. nr. 1 (2005-2006) «Mestring, muligheter og mening - Framtidas omsorgsutfordringer».

Presisering av tildelingskriteria

Det vert gjeve tilskot til utdanningstilbydarar etter satsar per student som multipliserast med tal på registrerte studentar på teljetidspunktet 1. mars og 1. oktober. Dette inneber halvårleg tildeling av tilskot frå fylkeskommunen til tilbydar. Følgjande kategoriar og satsar per heiltidsekvivalent student gjeld for budsjettåret 2015:

Tilbod	Sats
Nettbasert*	52 500 kr
Stadbasert	75 900 kr

*For einssilde tilbydarar av nettbasert undervisning med låge samla studenttal er satsen for stadbasert tilbod nytta. Satsane vert vidareført for desse tilbydarane.

Etter Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune; punkt 31. *Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 53*, er det Opplærings- og helseutvalet som har fullmakt til å fordela tilskot etter denne ordninga.

Budsjettramme 2015

Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2015 sett til kr. 6 405 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført 1 million ubrukne midlar frå 2014. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2015 vert då på kr. 7 405 000,-.

Av ramma for 2015 er kr. 3 093 400,- betalt ut i tilskot for studentar som det er søkt støtte for tidlegare, og som per 1. mars 2015 er aktive studentar. Av desse studentane vil om lag 81 framleis vere i utdanning hausten 2015, og forventta utbetaling for desse denne hausten er på kr. 1 308 825,-. Såleis er om lag kr. 4 402 225,- bunde opp til tilbod med studentar som er under utdanning i 2015. Det resterande beløpet Hordaland fylkeskommune kan fordela på søkjarane hausten 2015, er kr. 3 002 775,- (sjå oversikt under).

Ramme 2015	7 405 000,-
- Utbetalt vår 2015	3 093 400,-
- Forventa utbetaling hausten 2015, 2-års studentar	1 308 825,-
Sum – resterande beløp til nye studentar hausten 2015	3 002 775,-

Søknadar om tilskot for hausten 2015

Til saman har 8 tilbydarar søkt om tilskot for nye studentar med start hausten 2015. Av desse er det 2 tilbydarar som gjev stadbaserert fagskuleutdanning, og 6 tilbydarar som gjev nettbasert utdanning. Tabellen under syner tilbydarane som har søkt, og talet på studentar dei søker støtte for innan dei ulike utdanningstilboda.

Utdanning	Stadbaseret sats				Nettbaseret sats				
	Tal på studentar det vert søkt tilskot for ved den einkilde tilbydar								
	Hordaland helsefagskole	AOFH/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	eCademy	Folkeuniversitetet	
Psykisk helsearbeid	30	50			5				
Rehabilitering	30					2			
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	15			8	2	2			
Rus og avhengighetsproblematikk									
Spesialreinhald og sterilfösyning	25					2			
Kreftomsorg og lindrande pleie	15				5	2			
Livsstils- og kroniske sjukdommar	15								
Barsei- og barnepleie						2		5	
Demensomsorg og alderspsykiatri			8		6				
Utviklingshemming og aldring			5						
Migrasjonshelse					2				
Velferdsteknologi					2				
Helsekoordinator							16		
Helseadministrasjon sekretær							28		
Miljøarbeid/utviklingshemming		50							
Tverrfaglig miljøarbeid						2			
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				8		3			
Veiledning						2			
Sum studentar det søkes støtte for	130	100	13	16	22	17	44	5	

- Tilboda markert med grått er ikkje NOKUT-godkjent innan søknadsfrist om tilskot 1. mars 2015.
- Tilboda markert med blått indikerer at tilbydaren ønskjer å gjere moglege omprioriteringar innanfor talet på studentar som dei søker tilskot for (dette vert omtala nærare seinare i saka i høve til den einkilde tilbydar).

Totalt er det søkt om støtte til 347 studentar, av desse er det søkt om tilskot til 243 ved stadbasererte tilbod og 104 ved nettbaserte tilbod. Innanfor ramma til Hordaland fylkeskommune er det ikkje mogleg å gje tilskot til alle studentane det er søkt støtte for.

Fordelingskriterium

- Hordaland fylkeskommune gjev tilskot til tilbydarar som tar opp studentar som er busette i Hordaland.
- Søkjarar av stadbasererte tilbod vert gjeve tilskot for heile klassar inntil eit gitt tal studentar av di tilbodet er avhengig av søkjarar lokalt i fylket og ikkje kan fyllast opp med studentar frå fleire fylke.
- Søkjarar til nettbaserte tilbod vert ikkje gjeve tilskot for heile klassar av di tilbodet kan fullteiknast med søkjarar frå heile landet.
- Det er eit mål å få variasjon i det totale tilbodet av fagskuleutdanning som Hordaland fylkeskommune gjev støtte til innan helse- og sosialfag.

Som nemnt er det ikkje mogleg å gje tilskot til så mange studentar som det er søkt støtte for, og fleire tilbydarar vil få støtte for færre studentar enn i fjor. Årsaka til dette er mellom anna ei lågare ramma i 2015 enn i 2014 og ein liten auke i talet på studentar våren 2015 i høve til våren 2014. Dei fleste av tilbydarane søker om tilskot til fleire studentar enn dei tidlegare har klart å rekruttere, og vi reknar såleis med at ramma ikkje er for liten i høve til det omfanget av studentar ein vanlegvis rekrutterer frå Hordaland til fagskuletilbod innan helse- og sosialfag.

Forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2015

Utdanning	Stadbasert sats				Nettbasert sats			
	Tal på studentar det kan verte gjeve tilskot til ved den enkelte tilbydar							
	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	eCademy	Folkeuniversitetet
Psykisk helsearbeid	15	20			4			
Rehabilitering	15					2		
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	15			5	2			
Rus og avhengighetsproblematikk								
Spesialreinhald og sterilforysning	25							
Kreftomsorg og lindrande pleie					5			
Livsstils- og kroniske sjukdommar								
Barsel- og barnepleie						2		3
Demensomsorg og alderspsykiatri			3		5			
Utviklingshemming og aldring			3					
Migrasjonshelse					2			
Velferdsteknologi					2			
Helsekoordinator							8	
Helseadministrasjon sekretær							8	
Miljøarbeid/utviklingshemming		25						
Tverrfaglig miljøarbeid						2		
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				6				
Veiledning						2		
Sum studentar det vert gjeve støtte til	70	45	6	11	20	8	16	3

- Felt markert med blått markerer at det vert gjeve tilskot til 15 stadbaserte studentar og 10 nettbaserte studentar. Talet på 25 innan spesialreinhald og sterilforysning er soleis fordelt på to klassar.
- Felt markert med grått markerer at tilbydar ikkje har NOKUT-godkjenning for tilbodet, og at tilskot til desse tilboda føreset endeleg NOKUT-godkjenning innan start hausten 2015.

Tabellen over syner forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2015. Det er føreslått å gje tilskot til totalt 111 studentar med stadbasert sats, og 68 studentar med nettbasert sats.

Hordaland helsefagskole

Hordaland helsefagskole har søkt om tilskot til å starta opp til saman 6 - 8 tilbod, medan det er føreslått å gje tilskot til 4 tilbod, med to klassar innan eitt av dei (Spesialreinhald og sterilforysning). Hordaland helsefagskole har søkt om støtte til 130 studentar, og det er føreslått å gje tilskot til totalt 70 studentar, 60 med stadbasert sats og 10 med nettbasert sats.

I søknaden skriv Hordaland helsefagskole at dei ønskjer høve til å omprioritera fordelinga av studentar innanfor dei ulike tilboda dei har godkjenning for. Administrasjonen vil tilrå at tilbydarar har moglegheit til å omprioritera mellom tilboda dei har godkjenning for og som er eit tilbod innan helse- og sosialfag.

AOF Hordaland – Sogn og fjordane

AOF har søkt om tilskot for til saman 100 studentar fordelt på to tilbod. Det er føreslått å gje tilskot til totalt 45 nye studentar hausten 2015 innan psykisk helsearbeid og miljøarbeid/utviklingshemming. AOF har i sin søknad opplyst om at det allereie er høge søkjartal til desse tilboda, og at dei samarbeider med Bergen kommune om å fylle opp ein klasse innan sistnemnde tilbod.

Nasjonalt kompetansesenter aldring og helse

Nasjonalt kompetansesenter har søkt om støtte for totalt 13 nye studentar hausten 2015, medan det er føreslått å gje tilskot til 6 nye studentar fordelt på to tilbod. Våren 2015 har tilbydar 4 studentar frå Hordaland under utdanning.

NKS Nettstudier

NKS har søkt om tilskot for 16 studentar fordelt på tilboda *Helse, aldring og aktiv omsorg* og *Psykisk helsearbeid og rusarbeid*. Det er føreslått å gje tilskot til 11 nye studentar ved NKS hausten 2015. Per i dag har tilbydar 13 studentar frå Hordaland under utdanning fordelt på tre tilbod, av desse er 8 ferdig utdanna våren 2015.

NKI AS

NKI har søkt om støtte for 22 studentar fordelt på 6 tilbod. To av tilboda det er søkt støtte til, har ikkje NOKUT-godkjenning per i dag, men det er føreslått at desse tilboda vert gjeve støtte dersom tilboda vert godkjent av NOKUT innan start hausten 2015 av di dette er nye tilbod som ikkje har vore starta opp for studentar i Hordaland tidlegare. Det er føreslått å gje NKI tilskot til 20 studentar hausten 2015 fordelt på 6 tilbod. NKI er ein av dei tilbydarane med nettbaserte utdanningar som har flest studentar frå Hordaland under denne tilskotsordninga. Våren 2015 har NKI 27 studentar frå Hordaland fordelt på 4 tilbod. Av desse vil 18 studentar framleis vere i utdanning hausten 2015.

Rogaland kurs og kompetansesenter (RKK)

RKK har søkt støtte for til saman 17 studentar fordelt på 8 tilbod. Det er føreslått å gje tilskot til 8 studentar fordelt på 4 tilbod. RKK har 3 studentar under utdanning frå Hordaland fordelt på 3 tilbod våren 2015. RKK har også søkt om få høve til å gjere ei omprioritering mellom dei NOKUT-godkjente tilboda dersom det er fleire søkjarar til nokre tilbod enn andre.

eCademy

eCademy har søkt om tilskot for 44 studentar fordelt på to tilbod. I søknaden ber eCademy om moglegheit for å starta opp med 30 studentar hausten 2015 og 14 studentar våren 2016. Det er føreslått å gje tilskot til 16 studentar fordelt på *Helsekoordinator* og *Helseadministrasjon sekretær* hausten 2015. Administrasjonen vil tilrå at eCademy kan søkje om midlar til å starta opp tilbod våren 2016 dersom ramma ikkje vert brukt opp i 2015. eCademy har 32 studentar i utdanning våren 2015, og av desse vil 14 studentar vere i utdanning hausten 2015.

Folkeuniversitetet Nett

Folkeuniversitetet Nett har søkt om støtte til 5 studentar ved tilbodet *Barsel og barnepleie*. Det er føreslått å gje tilskot til 3 nye studentar hausten 2015. Våren 2015 har tilbydaren 1 student i utdanning.

Utfordringar knytt til fordeling og ramme

Dersom alle tilbydarane rekrutterer så mange som det er føreslått å gje tilskot til hausten 2015, syner ei framskrivning av det totale tilbodet og framtidige tilskot at det ikkje vil verte mykje midlar til overs for nye studentar hausten 2016. Sak om fordeling av tilskot i 2013 og i 2014 la også opp til ei overskriding av ramma, men kvart år har det vore midlar til overs som vert søkt vidareført eller betalt tilbake til Helsedirektoratet.

På bakgrunn av dei erfaringane administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har med tilskotsordninga, er det rimeleg å anta at ein ikkje vil kome i ein situasjon som gjer at det ikkje vert mogleg å starta opp nye tilbod innanfor ramma hausten 2016. Dei siste åra har det vore lågare rekruttering og større fråfall samla sett enn det tilskotsfordelinga har lagt opp til. Skulle ein likevel oppleve å ha for lite midlar hausten 2016, er det mogleg å gå i dialog med Helsedirektoratet om å få auka ramma.

Årsaka til at ein legg opp til å utnytte ramma fullt ut, er at ein ynskjer å gje tilbydarane størst mogleg spelerom i arbeidet med å starta opp tilbod og rekruttera nye studentar. Den største utfordringa så langt med tilskotsarbeidet har vore å nytta heile ramma som Hordaland fylkeskommune årleg får til fordeling. Med bakgrunn i dette er det også ønskjeleg i størst mogleg grad å gjere tilskotsordninga mest mogleg fleksibel. Dette vert omtala i neste avsnitt.

Fleksibilitet i fordelinga av tilskot

For å utnytte ubrukte midlar i størst mogleg grad er det to tiltak som det er ønskjeleg å leggje til rette for. Desse er som følgjer:

1. Den einskilde tilbydar har høve til å omfordela tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt på fram til 1. oktober, som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den einskilde tilbydar si tildelte ramme.
2. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela unytta midlar mellom tilbydarane og eventuelt nye tilbydarar innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Opplærings- og helseutvalet.

Med desse tiltaka vil ordninga, som i utgangspunktet er noko byråkratisk, verta meir fleksibel for både tilbydarane og for fylkeskommunen. Fleksibilitet i høve til dette skuleslaget og fagområdet er særskild viktig for å stimulera til meir kompetanseheving i regionen innan helse- og sosialfag.



Arkivnr: 2015/3677-1

Saksbehandlar: Linda Farestveit, Trude Riple, Elin Meyer Wikan

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saksnr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	26/15	14.04.2015

Høyring - Forslag til endringar i føresegner om vurdering og innføring av fráværsgrenser

Samandrag

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring ei rekke endringar i føresegnene om vurdering i forskrift til opplæringslova og forskrift til privatskulelova. Det er i saka peika ut 73 høyringsgrupper, og fylkeskommunane er ei av desse. Dei vidaregåande skulane inngår og som sjølvstendige høyringsinstansar.

Frist for uttale er sett til måndag 27. april. Delar av høyringsgrunnlaget følgjer saka som trykte vedlegg.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til merknader og konklusjonar slik dei går fram av kap. 4 i dette saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forskriftsendringer om fraværsgrenser
- 2 Forslag til forskriftsendringer med merknader

Fylkesrådmannen, 27.03.2015**1. Saka gjeld:**

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring ei rekke endringar i føresegnene om vurdering i forskrift til opplæringslova og forskrift til privatskulelova. Det er i saka peika ut 73 høyringsgrupper, og fylkeskommunane er ei av desse. Dei vidaregåande skulane inngår og som sjølvstendige høyringsinstansar.

Frist for uttale er sett til måndag 27. april. Delar av høyringsgrunnlaget følgjer saka som trykte vedlegg. Komplette oversikt over høyringsnotatet med tilhøyrande underlag kan hentast frå:

<https://hoering.udir.no/Hoering/24>

2. Problemstilling:

Gjeldande høyring består av tre delar og omhandlar:

- Innføring av fråværsgrænse knytt til timefråvær i enkeltfag
- Klargjering kring undervegsvurdering som ein del av den samla vurderinga når standpunkt karakteren blir sett.
- Å gjere regelverket om vurdering meir oversiktleg og tydeleg.

3. Saksopplysningar:**3.1. Generelt**

Det er forska relativt lite på fråvær i vidaregåande skule i Norge. Kunnskapsgrunnlaget på feltet er derfor lite. Studiar har handla enten om generelle haldningar til fråvær eller om fråvær som ein del av diskusjonen knytt til fråfall. Det finst meir forskning på fråvær i arbeidslivet. Det forskning på fråvær i så vel skule som arbeidsliv likevel viser, er at forklaringane på fråvær er svært samansette.

Utfordringa med elevfråvær er ikkje av ny dato. Stort fråvær kan føre til at læraren har mangelfullt grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven i faget, men seinast ved forskriftsrevisjonen i 2009 blei det frå sentralt hald presisert at det framleis ikkje var mogleg å ha ei fast prosentgrense for kor mykje fråvær ein elev kan ha før grunnlaget for vurdering ikkje er til stades. Over tid har dette ført til at skular har hatt svært ulik praksis når det gjeld fråværsordningar.

3.2. *Fråværsgrenser* Høringsnotatet omtalar to hovudmodellar. Den eine av hovudmodellane viser tre ulike alternativ for ei sentralt fastsett fråværsgrense. To av desse gjeld alt fråvæ med og gjer framlegg om ei grense på enten 10 prosent eller 15 prosent, men med nokre ulike unntak. Ein modell gjeld 5 prosent udokumentert fråvæ.

Den andre hovudmodellen legg opp til ei lokalt fastsett fråværsgrense og tek opp spørsmålet om det i tillegg til eller i staden for ei fråværsgrense heller bør innførast eit oppfølgingsystem for fråvæ.

Forslaget om fråværsgrenser som ligg føre, gjeld berre elevar i vidaregåande skular, ikkje elevar i grunnskulen. Fråværsgrensene vil heller ikkje gjelde for lærlingar eller lærekandidatar. Desse vert omfatta av reglane i arbeidsmiljølova og gjeldande avtalar og reglar i bedriftene når det gjeld fråvæ. Det blir heller ikkje vurdert å innføre fråværsgrense i kap. 4, som omhandlar individuell vurdering av vaksne.

3.3 *Endringar som eventuelt kan gjere regelverket meir oversiktleg og tydeleg*

Det blir gjort endringar i forskrift til opplæringslova kap. 3 og 4 som gjer reglane tydelegare. Tilvisingar til andre føresegner blir fjerna, og tekst blir stroken dersom det same utan grunn blir gjentatt fleire stader i forskriftene eller til dømes høyrer meir heime i vitnemålsskriva. Det er i denne samanheng lagt vekt på å foreta endringar som vil kunne frigjere tid for lærarane og/eller skuleleiinga.

Det blir mellom anna foreslått å forskriftsfeste at omvalselevar og elevar som forserer fag, må velje å halde på karakteren eller vere elev i faget på nytt. Vidare å endre regelen om når standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen må vere sett. Det blir og foreslått å regulere tidspunktet for sentralt gitt eksamen og konsekvensar av å kome for seint til eksamen.

4. Fylkesrådmannens vurderingar/merknader:

4.1. Hovudmodell 1 – sentralt fastsett fråværsgrense

1. Forslag om fråværsgrense på 10 eller 15 prosent med unntak for helsegrunnar.

Det blir foreslått eit nytt fjerde ledd til forskrift til opplæringslova § 3-3 .

«I vidaregåande skule skal læraren normalt ikkje gi eleven halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvæ i meir enn [x] prosent av timane i faget. Eleven skal likevel få vurdering med karakter i faget dersom den største delen av fråværet på [x] prosent kjem av dokumenterte helsegrunnar, og læraren har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere elevens kompetanse.»

Samtidig blir det foreslått å fjerne kravet om at læraren må legge til rette for å få tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag, men i forskrifta blir det halde fast på eleven si plikt til å møte fram til timane og delta aktivt i opplæringa.

Fylkesrådmannen ser positivt på at det no blir sett fokus på fråvæ og på tiltak som kan få elevane til å møte fram til undervisninga. Fylkesrådmannen er likevel i tvil om innføring av fråværsgrenser er eit godt tiltak i arbeidet med å få fleire til å gjennomføre og bestå. Slike grenser for fråvæ har vore praktisert tidlegare, og ordninga medførte ein del utfordringar.

Fråværsgrensene blei til dømes av enkelte oppfatta som «ein rett» til å få vurdering så lenge fråværet ikkje oversteig fråværsgrensa. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at elevar som i dag stort sett alltid møter fram til undervisninga, vil senke terskelen for å ta seg fri nokre timar, sidan det likevel ikkje får konsekvensar så lenge ein held seg under fråværsgrensa. Dette gjeld spesielt studieførebuande utdanningsprogram, sidan fråværet ikkje har innverknad på inntaket til høgare utdanning.

For nokre elevar som i dag har eit fråvæ rundt fråværsgrensa, kan kanskje ei fråværsgrense virke skjerpande.

Hovudutfordringa i dag er å få dei elevane som av ulike grunnar er mykje borte frå skulen i mange år, til å gjennomføre og bestå. Desse vil tidleg i året nå fråværstaket. Sjølv om det blir foreslått å starte oppteljinga av fråværet på nytt i neste termin, vil dei fleste av dei som overstig fråværsgrensa i første termin, også overstige fråværsgrensa i andre termin. Desse elevene vil då miste retten til å bli vurdert og må ta faget som privatist. Rett nok blir det foreslått at ein kan gje unntak for dokumenterte helseårsaker. Helseårsaker omfattar alt som skuldast helse, både psykisk og fysisk, og vil også omfatte funksjonshemma og kronisk

sjuke. Også frávær i samband med behandling, f.eks. hos BUP, blir foreslått å skulle reknast som helseårsak. For å få vurdering når fráværsgrensa i eit fag er overskriden, må elevane legge fram dokumentasjon på at minst 50 % av fráværet skuldast helseplager.

Fylkesrådmannen er skeptisk til ei slik ordning og vil ikkje gje ei tilråding om kor stor ei eventuell fráværsgrensa bør vere. For å illustrere problemstillinga blir det her tatt utgangspunkt i ei fráværsgrensa på 15 %. Dersom fráværsgrensa blir sett til 15 %, er til dømes grensa overskriden for faget kroppsøving (for ein termin) dersom fráværet er meir enn 4,2 klokkeimar (4 timar og 12 min). Er dette siste termin i eit treårig studieførebuande løp, fører det til at det ikkje vil bli gitt karakter i kroppsøving. Dermed må faget bli tatt som privatist, og eleven får ikkje begynne på høgre utdanning før ein eventuell privatisteksamen er bestått. Mange skular har organisert kroppsøvinga i 90 minuttars økter. Er ein borte frå kroppsøvinga tre gonger, får ein altså ikkje karakter.

UDIR har sett det problematiske med dette og skriv følgjande i merknaden til endringsforslaget:

«At læraren «normalt» ikkje vil gi eleven halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter betyr at dette er utgangspunktet, men at det kan gjerast unntak der dette er rimeleg på grunn av fagdagar, skuleturar, etc. Eit anna unntak vil kunne vere tilfelle der eleven etter godkjenning frå rektor har avlagt prøve i faget og dokumentert å ha nødvendig kompetanse til å følgje opplæringa i faget»

Med ei slik romsleg praktisering meiner fylkesrådmannen at det lett kan bli forskjellsbehandling mellom skulane og kanskje også internt på skulane. Dette kan føre til at det blir fleire klagesaker og dermed meirarbeid.

2. Forslag om fráværsgrensa på 10 eller 15 prosent med unntak etter skjønn.

Under hovudmodell 1 blir det foreslått ei alternativ formulering

Framlegg om at Forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd skal ha denne ordlyden:

«I vidaregåande skule skal læraren ikkje gi eleven halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved frávær i meir enn [x] prosent av timane i faget. Rektor kan gjere unntak frå dette om årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg ikkje å gi eleven vurdering med karakter»

Fylkesrådmannen vil avvise dette forslaget. Her må det kome eit sett med kriterium som eit eventuelt unntak må byggje på. Kva som skal til for at ei sak skal vurderast av rektor, er det ikkje gjort greie for i forslaget. Forslaget vil kunne medføre monaleg meirarbeid.

I tillegg til fráværsgrensa på 10 eller 15 prosent er det eit forslag 3.

3. Forslag om fráværsgrensa på 5 prosent udokumentert frávær.

Framlegg om at Forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd skal ha denne ordlyden:

«Elevar i vidaregåande skule som har meir enn 5 prosent frávær som ikkje kan dokumenterast frå timane i eit fag, skal normalt ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget. Fráværet er dokumentert viss eleven legg fram dokumentasjon på kva fráværet skuldast»

Udokumentert frávær vil seie alt frávær som ikkje kan dokumenterast med erklæring frå lege, psykolog eller liknande.

At eleven «normalt» ikkje skal få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, betyr at dette er utgangspunktet, men at det kan gjerast unntak der dette er rimeleg på grunn av fagdagar, skuleturar, etc. Eit anna unntak vil kunne vere tilfelle der eleven etter utsegn frå rektor har avlagt prøve i faget og dokumentert å ha nødvendig kompetanse til å følgje opplæringa i faget.

Fylkesrådmannen er i tvil om dette er eit gjennomtenkt forslag. Forslaget har mellom anna som konsekvens at dersom ein elev er borte frå undervisninga éin gong (90 minuttars økt) i kroppsøving, vil eleven som hovudregel ikkje få vurdering i faget med mindre han/ho kan legge fram dokumentasjon frå lege, psykolog eller liknande.

I høyringsforslaget er det også eit forslag om lokalt fastsett fråværgrense. Fylkesrådmannen vil ikkje rå til at det blir lagt opp til ulik praksis mellom skuleeigarar.

4.2. Hovudmodell II - Modell for oppfølging – Forslag om nærare oppfølging av fråvær

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at forskrifta slår fast at
«Skulen skal følgje opp fråværet til elevane jf. § 22-2»

Forskrift til opplæringslova § 3-3 tredje ledd er foreslått å lyde:

«Eleven, lærlingen og lære kandidat skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren og instruktøren får grunnlag til å vurdere eleven, lære kandidaten sin kompetanse i faget. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter. *Skolen skal følgje opp fråværet til elevane, jf. § 22-2.*»

Dette inneber at tredje ledd andre punktum

«Læraren og instruktøren skal leggje til rette for at han eller ho får eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten, slik at den retten eleven, lærlingen og lære-kandidaten har etter § 3-1, blir oppfylt» blir teke ut av forskrifta.

Fylkesrådmannen støttar forslag om å ta bort § 3-3 tredje ledd andre punktum, og ser på dette som eit tydeleg signal om å gje eleven større ansvar for at vurdering blir gitt.

Vidare blir det foreslått eit tillegg til § 22-1 tredje ledd om at rådgiving skal førebyggje fråvær.

Det blir og foreslått eit nytt andre ledd til § 22-2 i forskrift til opplæringslova.

«Skolen skal følgje opp fråværet til elevane, og dersom årsaka til fråværet tilseier det, setje i verk tiltak som kan førebyggje fråvær frå opplæringa.»

Fylkesrådmannen har ingen merknader til at dette kjem inn i forskrifta.

I vedlegg 2 er det tatt inn ei rekke endringsforslag. Nokre av forslaga er berre av språkleg art, men nokre fører til reelle endringar.

Fylkesrådmannen vil kommentere nokre av forslaga.

4.3. Samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter i fag.

Gjeldande forskrift slår fast at standpunktkarakter skal fastsettast etter ei vurdering av eleven sin kompetanse i faget, slik den er omtalt i læreplanen.

Medan læraren undervegs ofte kan veksle mellom å vurdere kunnskapane til eleven, ferdigheiter og kompetanse i dei ulike delane av faget kvar for seg og i samheng, handlar standpunktvurdering om å binde vurderinga av desse kunnskapane og ferdigheitene saman og sjå etter kva for *samla kompetanse* eleven har oppnådd. Det betyr ikkje at dei ferdigheitene, kunnskapane eller delkompetansane eleven har vist undervegs, er irrelevante for standpunktkarakteren, men at læraren må vurdere korleis informasjonen har relevans for den samla kompetansen i faget. Det kan dreie seg vurdering av om eleven meistarar å sjå dei ulike delane i samheng, og om eleven kan bruke kunnskapane og ferdighetene til å løyse komplekse oppgåver.

Læraren må i standpunktvurderinga bruke sitt faglege skjønn og gjere ei kvalitativ og samla vurdering av eleven sin kompetanse i faget. Det er derfor ikkje legitimt at standpunktkarakteren blir basert på eit gjennomsnitt av karakterar gitt i undervegsvurderinga.

Det går og fram av forskrift til opplæringslova at elevane skal ha høve til å utvikle kompetansen sin fram til standpunktkarakteren blir fastsett.

Gjeldande § 3-16 blir oppheva.

§ 3-16. *Kravet til dokumentering av undervegsvurderinga*

Frå 8. årstrinnet skal alle elevar kvart halvår få halvårsvurdering med karakter i fag og i orden og i åtferd dokumentert skriftleg. Fråvær skal også dokumenterast kvart halvår.

Det skal kunne dokumenterast at undervegsvurdering er gitt, jf. § 3-11 til § 3-15.

Denne paragrafen blir foreslått tatt ut av forskrifta – noko som m.a. inneber at det ikkje lenger må dokumenterast at undervegsvurdering er gitt.

Fylkesrådmannen støttar forslaget om å ta vekk gjeldande § 3-16.

Det vert gjort framlegg om å ta inn i forskrifta ein ny § 3-16.

§ 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren i fag.

Undervegsvurderinga skal fremme læring og gi eleven høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren i fag skal fastsetjast, jf. §§ 3-3 og 3-18.

Utdanningsdirektoratet har gitt følgande merknad til endringa

«Gjeldande § 3-16 blir oppheva. Ny § 3-16 gjeld samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakterar i fag. Bestemminga klargjer formålet til undervegsvurderinga, og moglegheita eleven har til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida.

Første punktum er delvis ei vidareføring av § 3-18 andre ledd, men slik at «inntil standpunktkarakteren er fastsett» er endra til «gjennom opplæringstida i faget». Endringa er berre ei presisering som understrekar at eleven kontinuerleg utviklar og viser kompetanse gjennom hele opplæringstida, og må bli sett i samanheng med andre punktum.

I andre punktum er det presisert at standpunktkarakteren ikkje utelukkande må baserast på kompetanse oppnådd på slutten av opplæringa. Informasjonen læraren får om kompetansen til eleven i løpet av opplæringa, er en del av den samla vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsettast. Dette må balanseras mot at eleven skal ha moglegheit til å prøve og feile undervegs i opplæringa. Og avsluttande vurderingar undervegs, dvs. informasjon om eleven si kompetanse i deler av faget som ikkje blir vurdert på nytt, kan inngå i vurderinga av den samla kompetansen eleven har i faget. Det sentrale er om og på kva for måte informasjonen om eleven si kompetanse undervegs har relevans for standpunktkarakteren. Karakterar gitt i undervegsvurderinga er eit uttrykk for den kompetansen eleven har, ut frå kva som er forventa på det tidspunktet då karakteren blir satt. Det understrekes at en standpunktkarakter ikkje skal vere eit matematisk gjennomsnitt av karakterar gitt i løpet av opplæringstida.»

Fylkesrådmannen har ingen merknader til denne endringa. Med denne endringa blir det gitt eit viktig signal om at elevane må vere på skulen samstundes som det dempar det presset enkelte lærarar opplever om å måtte gje elevane ekstra høve til å vise kompetansen mot slutten av opplæringa. Det er og presisert i merknaden frå UDIR at standpunktkarakteren ikkje kan baserast på eit gjennomsnitt av karakterar gitt i undervegsvurderinga.

I høringsnotatet er det og eit forslag om at siste halvårsvurdering bør utgjere ein bestemt prosentdel av standpunktkarakteren. Som det går fram av høringsnotatet, vil ei slik ordning skape mange utfordringar og medføre ekstra arbeid. Sidan det ikkje er foreslått noko forskriftsendring i vedlegg 2 som støttar opp ei slik endring, ser fylkesrådmannen på innføring av ei slik ordning som uaktuell. Fylkesrådmannen vil likevel gje uttrykk for motstand mot ei ordning der siste halvårsvurdering utgjere ein viss prosent av standpunktkarakteren.

Det blir og foreslått å ta ut tredje ledd av § 3-11.

«Eleven, lærlingen og lære kandidaten har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13 og i samband med samtalen med foreldra etter § 20-3 og § 20-4»

Fylkesrådmannen meiner dette er feil signal. Grunngevinga om at kontaktlæraren ikkje har elevane i mange fag, at kontaktlæraren derfor brukar mykje tid på å innhente informasjon frå faglærarane og at kontaktlæraren har avgrensa kunnskap til kompetansemåla i fag han sjølv ikkje underviser i, er vektige innvendingar mot no gjeldande ordning. Så lenge endringsforslaget ikkje gir eleven rett til ein samtale med faglærar, meiner fylkesrådmannen likevel at det er betre å halde på dagens ordning.

4.4. Samanhengen mellom sluttvurdering og elevstatus

UDIR foreslår og ei endring i § 3-17 som inneber at ein elev som har tatt fag frå vidaregåande opplæring på ungdomssteget, sjølv kan velje om han/ho vil halde på denne karakteren eller om han/ho vil ta faget på nytt som elev i vidaregåande opplæring. Den same ordninga blir gjort gjeldande for elevar som har fått godkjent omval. Ordninga inneber at tidlegare sluttkompetansevurdering i faget blir annullert når eleven begynner på ny opplæring i faget. Elevar som av ulike årsaker avbryt opplæringa i faget i vidaregåande skule, vil derfor kunne stå utan sluttvurdering i faget.

Fylkesrådmannen støttar med eitt unntak desse endringane. Eleven bør kunne halde på den beste karakteren. Eleven blir då rekna som fulltidselev. Ein elev som blir tvinga til å bli deltidselev, vil få mange fritimar, noko som igjen kan føre til fråvær frå dei faga han/ho må ha (til dømes programfaga). Alternativt foreslår fylkesrådmannen at ein elev kan få ta med seg den tidlegare sluttvurderinga dersom han/ho sluttar i faget før 1. februar. Det er ikkje tilrådeleg at tidlegare sluttkompetansevurdering blir annullert når eleven begynner på ny opplæring i faget.

VEDLEGG 1

Forslag til endringer i forskrift til opplæringsloven

Hovedmodell 1- sentralt fastsatt fraværsgrense

1. Forslag om fraværsgrense på 10 eller 15 prosent med unntak for helsegrunner

Forskrift til opplæringsloven § 3-3 fjerde ledd foreslås å lyde:

I vidaregåande skole skal læreren normalt ikkje gi eleven halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvær i meir enn [x] prosent av timane i faget. Eleven skal likevel få vurdering med karakter i faget dersom den største delen av fråværet på [x] prosent kjem av dokumenterte helsegrunnar, og læreren har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere elevens kompetanse.

Merknader til endringsforslag

Regelen om en fraværsgrense foreslås tatt inn i et nytt fjerde ledd. Forslaget må også ses i sammenheng med forslaget om å fjerne kravet om at læreren må legge til rette for å få tilstrekkelig vurderingsgrunnlag, se høringsnotatet om sammenhengen mellom underveis- og sluttvurdering, jf. vedlegg 2. Regelen om en fraværsgrense innebærer at læreren normalt ikke vil kunne gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved mer enn 10 eller 15 prosent fravær fra timene i faget. Alt fravær fra faget likestilles. Det påpekes at fraværsprosenten skal regnes ut med utgangspunkt i årstimetallet elevene har rett på i faget etter fag- og timefordelingen. Vurderingen skal gjelde både for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter. Det vil si at fraværet også må vurderes opp mot timeantallet som er satt opp hvert halvår. At læreren «normalt» ikke vil gi eleven halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter betyr at dette er utgangspunktet, men at det kan gjøres unntak der dette er rimelig på grunn av fagdager, skoleturer, etc. Et annet unntak vil kunne være tilfeller der eleven etter henvisning fra rektor har avlagt prøve i faget og dokumentert å ha nødvendig kompetanse til å følge opplæringen i faget.

I fjerde ledd andre punktum fremgår det at dersom den største delen av fraværet er dokumentert fravær pga. helsegrunner, skal eleven få vurdering selv om fraværsgrensen er overskredet, forutsatt at læreren har tilstrekkelig vurderingsgrunnlag. Dersom læreren ikke har tilstrekkelig vurderingsgrunnlag, kan læreren på samme måte som i dag, vurdere om det er mulig å skaffe seg slikt grunnlag. Helsegrunner gjelder alt som er helserelatert og som kan dokumenteres med attest fra lege, psykolog e.l. Den største delen av fraværet må være pga. helsegrunner dersom unntaket skal komme til anvendelse. Det innebærer at over 50 prosent må kunne dokumenteres. En som kun har noe fravær som det er dokumentert at kommer av helsegrunner, mens det øvrige fraværet kommer av skulk eller annet, vil derimot ikke omfattes av unntaket. Det vil for eksempel ikke være adgang til å skulke i over ti prosent av faget, for så å omfattes av unntaket fordi man var syk de resterende timene i faget. At dette unntaket er såpass begrenset kan også føre til at elevene spekulerer mindre i fravær.

Fravær er i utgangspunktet all tid eleven ikke deltar i opplæringen. Vi understreker imidlertid at oppfølging av rettigheter etter opplæringsloven, som sakkyndig vurdering hos PP-tjenesten etter for eksempel opplæringsloven § 5-3, eller rådgivning etter opplæringsloven § 9-2, ikke skal regnes som fravær fra opplæringen. Heller ikke organisert studiearbeid og skoleadministrative gjøremål som er avtalt med lærer eller rektor, skal regnes som fravær. Elever som ønsker å være fraværende av andre grunner enn helse, f.eks. sport, politikk eller kultur må forholde seg til fraværsgrensen. Dersom de skal være borte utover den gitte prosenten i et fag, bør elevene i samråd med faglærer eller rektor undersøke om opplæringen kan tilrettelegges.

Forskrift til opplæringsloven § 3-7 første ledd foreslås å lyde:

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag.

Merknader til endringsforslag

